

# Føresegner for kommunedelplan fv. 670 Ålvundfoss-Rakaneset, Sunndal kommune (Todalsfjordprosjektet) – UTKAST OFFENTLEG ETTERSYN

PlanID: 1563-20191110

Kommunen sitt sak-/arkivnr: xx/xxx

Planforslag datert: xx.xx.2019

Revidert etter offentlig ettersyn xx.xx.xxxx

Vedtatt i kommunestyret: xx.xx.xxxx, sak xxx/xx

## § 1 AVGRENSING OG FORMÅL

### 1.1 Planavgrensning

Kommunedelplanen omfattar plankart i målestokk 1:5000, føresegner og planomtale. Planområdet er vist med kommuneplangrense (KpGrense). Planføresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

### 1.2 Føremålet med planen

Føremålet med planen er å legge til rette for detaljregulering og utbygging av ny fv. 670 på strekninga Ålvundfoss til Rakaneset, med hengebru over Todalsfjorden frå Rakaneset til i Svinvika Surnadal kommune.

### 1.3 Arealføremål

Kommunedelplanen omfattar følgjande føremål:

*Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7, nr. 2)*

- Veg (SV)
- Hovudveg (linjesymbol)
- Hovudveg tunnel (linjesymbol)
- Hovudveg bru (linjesymbol)
- Vegkryss (punktsymbol)

*Landbruks-, natur og friluftsmål (LNF) (pbl § 11-7, nr. 5)*

- Landbruks-, natur og friluftsmål (L)

*Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-7, nr. 6)*

- Farlei, VF
- Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv (V)

### 1.4 Omsynssoner

Kommunedelplanen omfattar følgjande omsynssoner:

*Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8, bokstav a)*

- Støysone raud (H210) og gul (H220)
- Aktsemdsone skredfare (H310)
- Aktsemdsone flaumfare (H320)

## § 2 FELLESEFØRESEGNAR

### 2.1 Krav om detaljregulering

Før det kan gjennomførast tiltak i samsvar med kommunedelplanen skal det ligge føre godkjent detaljregulering.

### 2.2 Byggjegrænse

Byggjegrænse langs ny fv. 670 er 50 meter frå vegen si senterlinje. Byggjegrænse langs veg følgjer elles av veglova § 29, andre ledd, der ikkje anna er vist i tilgrensande planar.

## § 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### 3.1 Veg, SV

Område sett av til veg (SV) kan nyttast til offentlege og private køyreveggar med nødvendig areal for fylling, skjering, grøfter og anna sideareal, teknisk infrastruktur, parkering, kollektivtiltak og anna som naturleg høyrer til veganlegget.

## § 4 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSMÅL

### § 4.1 Landbruk-, natur- og friluftsområde, L

Område sett av til Landbruk-, natur- og friluftsområde (L) kan nyttast til jord- og skogbruk, friluftsmål, eller ligge som urørte naturområde.

Områda L1 og L3 kan settast av som midlertidig rigg- og anleggsområde ved detaljregulering.

## § 5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

### 5.1 Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv, V

Etablering av bru for kryssing av Todalsfjorden er tillate. Andre tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsel eller fiske er ikkje tillate. Det kan etter søknad tillast etablering av sjøleidningar for vatn, avløp, el- og telenett. Etablering av akvakulturanlegg og oppdrettsanlegg er ikkje tillate.

## § 6. OMSYNSSONER

### 6.1 Støysone raud, H210

Innanfor område vist som omsynssone H210 er det ikkje tillate med støykjensleg utbygging. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2016 med eventuelle seinare revisjonar skal ligge til grunn for vurdering av støy i plan- og utbyggingssaker innanfor sona.

### 6.1 Støysone gul, H220

Innanfor område vist som omsynssone H220 er det ikkje tillate med støykjensleg utbygging utan at det er dokumentert at støytilhøva er akseptable. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2016 med eventuelle seinare revisjonar skal ligge til grunn for vurdering av støy i plan- og utbyggingssaker innanfor sona.

### 6.3 Aktsemdsone skred, H310

Innanfor område vist som omsynssone H310 skal det i samband med detaljregulering gjennomførast kartlegging og vurdering av skredfare.

# Føresegner for kommunedelplan fv. 670 Svinvika-Øygarden, Surnadal kommune (Todalsfjordprosjektet) – UTKAST OFFENTLEG ETTERSYN

PlanID: 1566-20200001

Kommunen sitt sak-/arkivnr: xx/xxx

Planforslag datert: 11.11.2019

Revidert etter offentlig ettersyn xx.xx.xxxx

Vedtatt i kommunestyret: xx.xx.xxxx, sak xxx/xx

## § 1 AVGRENSING OG FORMÅL

### 1.1 Planavgrensning

Kommunedelplanen omfattar plankart i målestokk 1:5000, føresegner og planomtale. Planområdet er vist med kommuneplangrense (KpGrense). Planføresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

### 1.2 Føremålet med planen

Føremålet med planen er å legge til rette for detaljregulering og utbygging av ny fv. 670 på strekninga Svinvika til Øygarden, med hengebru over Todalsfjorden frå Svinvika til Rakaneset i Sunndal kommune.

### 1.3 Arealføremål

Kommunedelplanen omfattar følgjande føremål:

*Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7, nr. 2)*

- Veg (SV)
- Hovudveg (linjesymbol)
- Hovudveg tunnel (linjesymbol)
- Hovudveg bru (linjesymbol)
- Vegkryss (punktsymbol)

*Landbruks-, natur og friluftsmål (LNF) (pbl § 11-7, nr. 5)*

- Landbruks-, natur og friluftsmål (L)

*Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-7, nr. 6)*

- Farlei, VF
- Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv (V)

### 1.4 Omsynssoner

Kommunedelplanen omfattar følgjande omsynssoner:

*Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8, bokstav a)*

- Støysone raud (H210) og gul (H220)
- Aktsemdsone skredfare (H310)
- Aktsemdsone flaumfare (H320)
- Faresone høgspenningsanlegg (H370)

*Sone med særlege omsyn (pbl § 11-8, bokstav c)*

- Bevaring kulturmiljø (H570)

*Sone bandlagt etter andre lover (pbl § 11-8, bokstav d)*

- Bandlegging i medhald av energilova (H740)

## § 2 FELLESFØRESEGNER

### 2.1 Krav om detaljregulering

Før det kan gjennomførast tiltak i samsvar med kommunedelplanen skal det ligge føre godkjent detaljregulering.

### 2.2 Byggjegrænse

Byggjegrænse langs ny fv. 670 er 50 meter frå veggen si senterlinje. Byggjegrænse langs veg følgjer elles av veglova § 29, andre ledd, der ikkje anna er vist i tilgrensande planar.

## § 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### 3.1 Veg, SV

Område sett av til veg (SV) kan nyttast til offentlege og private køyreveggar med nødvendig areal for fylling, skjering, grøfter og anna sideareal, teknisk infrastruktur, parkering, kollektivtiltak og anna som naturleg høyrer til veganlegget.

## § 4 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSMÅL

### § 4.1 Landbruk-, natur- og friluftsområde, L

Område sett av til Landbruk-, natur- og friluftsområder (L) kan nyttast til jord- og skogbruk, friluftsmål, eller ligge som urørte naturområde.

Områda L1, L2 og L3 kan settast av som midlertidig rigg- og anleggsområde ved detaljregulering.

## § 5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

### 5.1 Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv, V

Etablering av bru for kryssing av Todalsfjorden er tillate. Andre tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsel eller fiske er ikkje tillate. Det kan etter søknad tillatast etablering av sjøleidningar for vatn, avløp, el- og telenett. Etablering av akvakulturanlegg og oppdrettsanlegg er ikkje tillate.

### 5.2 Farlei, VF

Etablering av bru for kryssing av Todalsfjorden er tillate. Innanfor område avsett til farlei (VF) skal det vere fri seglingshøgde tilsvarande 25 meter i samsvar med vilkåra i Kystverket sin farleinormal. Andre tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsel eller fiske er ikkje tillate. Det kan etter søknad tillatast etablering av sjøleidningar for vatn, avløp, el- og telenett. Etablering av akvakulturanlegg og oppdrettsanlegg er ikkje tillate.

## § 6. OMSYNSSONER

### 6.1 Støysone raud, H210

Innanfor område vist som omsynssone H210 er det ikkje tillate med støykjensleg utbygging. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2016 med eventuelle seinare revisjonar skal ligge til grunn for vurdering av støy i plan- og utbyggingssaker innanfor sona.

### 6.1 Støysone gul, H220

Innanfor område vist som omsynssone H220 er det ikkje tillate med støykjensleg utbygging utan at det er dokumentert at støytilhøva er akseptable. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2016 med eventuelle seinare revisjonar skal ligge til grunn for vurdering av støy i plan- og utbyggingssaker innanfor sona.

### **6.3 Aktsemdsone skred, H310**

Innanfor område vist som omsynssone H310 skal det i samband med detaljregulering gjennomførast kartlegging og vurdering av skredfare.

### **6.4 Aktsemdsone flaum, H320**

Innanfor område vist som omsynssone H320 skal det i samband med detaljregulering gjennomførast kartlegging og vurdering av flaumfare.

### **6.5 Faresone høgspenningsanlegg, H370**

Område vist som omsynssone H370 er sikkerheitssone under og rundt høgspenninglinjer. Tiltak i desse områda skal godkjennast av leidningseigar. Det kan gjennomførast nødvendig vegetasjonsrydding. Det er ikkje tillate med tiltak som legg til rette for varig opphald innanfor sona.

### **6.6 Omsynssone kulturmiljø, H570**

Innanfor område vist som omsynssone H570 skal det takast særlege omsyn til kulturmiljøet knytt til Svinvik gard. Området skal ikkje nyttast i samband med utbygging av ny fv. 670.

### **6.7 Bandlegging etter anna lovverk, H740**

Område vist som omsynssone H740 er bandleggingssone for høgspenninglinje i regionalnettet. Tiltak i desse områda skal godkjennast av leidningseigar, og må rette seg etter reglene i energilova med tilhøyrande forskrifter, og vedtak i medhald av desse. Det kan gjennomførast nødvendig vegetasjonsrydding. Det er ikkje tillate med tiltak som legg til rette for varig opphald innanfor sona.